

## **EIGENMELDING**

### 1. DEN SOM TEK IMOT MELDINGA FYLLER UT:

Namn.....

har i dag gjeve melding om at ho/han er fråverande grunna sjukdom.

Fråveret vil truleg vare .....dagar

Dato:.....Underskrift mottakar:.....

### 2. ARBEIDSTAKAREN FYLLER UT:

Underteikna var borte frå arbeidet f.o.m. .... t.o.m.....grunna:

Kode 120 <b>Eigen sjukdom</b> <input type="checkbox"/>	Kode 121 <b>Yrkesrelatert fråver</b> <input type="checkbox"/> Set kryss her om du meiner fråveret skuldast forhold på arbeidsplassen	Kode 450 <b>Sjukt barn</b> <input type="checkbox"/>	Kode 460 <b>Sjuk barnepassar</b> <input type="checkbox"/>
--	---	---	---

Ved sjukdom hos barn/barnepassar, gje opp fødselsdato til barnet.

Barnets fødselsdato: .....

Eg er åleine om omsorgen:                      Ja       Nei

Dato: .....      Namn: .....      Fødselsdato: .....

Arbeidstakarens underskrift

**Må fyllast ut**

### 3. KOMMUNEN FYLLER UT:

Fråveret er registrert (dato): ..... Underskrift: .....

Orientering om bruken av eigenmelding - sjå baksida

## Orientering til arbeidstakar om bruk av eigenmelding:

### Eigen sjukdom:

Eigenmelding kan ikkje nyttast før du har vore tilsett i Sør-Fron kommune i minst to månader.

### Melding om sjukefråvær:

Du må fyrste fråværsdag og seinast ved slutten av denne dagen gje arbeidsgjevar melding om at fråværet skuldast sjukdom. Dette gjeld og sjølv om det ligg føre sjukemelding frå lege fyrste fråværsdag. Du skal så langt det er mogleg opplyse om kor lenge fråværet vil vare.

### Åtte kalenderdagar/24 enkeltdagar:

Eigenmelding kan nyttast i inntil 8 kalenderdagar pr sjukefråværstilfelle. Innafor ei periode på 16 dagar kan det ikkje nyttast eigenmelding for meir enn 8 dagar til saman, samla eller kvar for seg. Eigenmelding kan nyttast inntil 24 enkeltdagar i løpet av 12 månader. Dersom du oppsøker lege fjerde dag, vil dei tre føregående dagane med eigenmelding ikkje bli rekna med. Oppsøker du derimot lege femte dag eller seinare, vil alle dagar før legemeldinga bli rekna som oppbrukte eigenmeldingsdagar. FTL (Folketrygdloven) §8-27

### Sjukemelding frå lege:

Varar sjukefråværet ut over eigenmeldingsperioden, må det liggje føre sjukemelding seinast frå den dagen du skulle ha vore i arbeid att. Retten til sjukepengar gjeld frå den dagen du søker lege, samt for dei dagane det er nytta eigenmelding. Dersom du ikkje legg fram legeerklæring, fell retten til sjukepengar bort. Når du har brukt 24 eigenmeldingsdagar i løpet av dei siste 12 månadene, må du dokumentere sjukefråvær ut over dette med sjukmelding frå lege frå 1. dag.

### Eigenmelding kan ikkje nyttast:

Eigenmelding kan ikkje nyttast når du har fått sjukepengar frå arbeidsgjevar i 16 dagar, og blir sjuk på nytt før du har vore i arbeid att samanhengande i minst 16 dagar. Etter mellombels avbrot i arbeidstilhøvet på meir enn 16 dagar (permisjon utan løn e.l.) kan eigenmelding fyrst nyttast etter at du har vore i arbeid i minst to månader. Eigenmelding kan ikke nyttast umiddelbart etter sjukefråvær dokumentert med legeerklæring.

### Tap av retten til å nytte eigenmelding:

Ordninga med eigenmelding som dokumentasjon er basert på tillit, og dersom arbeidsgjevaren har rimeleg grunn til å tru at fråværet ikkje skuldast sjukdom, kan vi krevja sjukmelding sjølv om talet på fråvær er færre enn 24 innafor ei periode på 12 månader.

Jfr. AML (Arbeidsmiljøloven) 12-9 og FTL (Folketrygdloven) §§ 8-24 til 8-27.

### Barn/barnepassars sjukdom:

Dersom du har omsorg for barn under 12 år, og har vore tilsett i Sør-Fron kommune i minst 4 veker, har du rett til permisjon med lønn for naudsynt tilsyn med barnet dersom det er sjukt. Regelen gjeld og når den som har det daglege tilsynet med barnet/barnepassaren er sjuk. Retten gjeld til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år. For kronisk sjuke eller funksjonshemma barn er aldersgrensa 18 år. (Krav om dokumentasjon frå NAV).

Retten til slik permisjon utan sjukmelding frå lege gjeld for 3 dagar om gongen. Frå og med fjerde kalenderdagen må du leggje fram sjukmelding for barnet/barnepassaren.

Ved omsorg for eitt eller to barn, har du rett til omsorgspengar inntil 10 dagar kvart kalenderår, ved tre eller fleire barn, inntil 15 dagar. Einsleg forsørgjar har etter same høve utvida rett 20 evt 30 dagar. Meldeplikta til arbeidsgjevar fyrste dagen er den same som ved eigen sjukdom.

Jfr. AML (Arbeidsmiljøloven) § 12-9 og FTL (folketrygdloven) §§ 9-5 til 9-9.